



## **Informasjon til alle foreldre i Fyresdal !!**

Sidan vi av og til har tilfelle med hovudlus, er det viktig å hjelpe til slik at vi slepp at det er mange som får det.



Viss alle barn i Fyresdal kommune blir avlusa på same tid, vil smitterisikoen vere minimal. Viss alle gjer dette i løpet av ei helg vil vi hindre smitte på skulen eller i barnehagen på måndagen då lusa ikkje overlever 2 døgn "åleine" i romma, men må ha eit hovud å sitje i.

**Det er difor bestemt at det skal gjennomførast kampanje mot hovudlus i veke 11 frå 19. til 20. mars 2011 i Fyresdal kommune.**

Dei fleste familiar har tidlegare fått ein lusekam, og det er viktig at de kammar håret til ungane nøye med denne. Vask lusekammen godt mellom kvart barn de kammar.

Skulle de ikkje ha lusekam, har vi det på legekantoret/ helsestasjonen eller apotek.

**Har lusa kome i hovudet og lagt egg – må den vekk. Ta kontakt med helsestasjonen/ legekantoret viss de treng meir informasjon vedrørande behandling av hovudlus tlf.: 35067300.**

**Viss de oppdagar lus, kan barnet gå i barnehage eller på skulen som normalt etter at 1. behandling er gjennomført.**

**Heile familien skal då undersøkast, men berre personar med lus skal behandlast.**

Legg inn datoen på mobilen eller i ein kalender slik at dette ikkje vert gløymt!

Takk for innsatsen!

Med venleg helsing

---

Jon B. Grova  
Lege

---

Evy Katrin Aamlid  
Helsesyster